

# Valgprogram Vågå SV

2019 - 2023



*Oss lyt hjølpast åt!*



# Oss lyt hjelpast åt!

**Noko av det finaste med Norge er små forskjellar og sterke fellesskap. Vi har bygd landet på verdiar som fridom og likskap. Nå er det finaste med Norge truga. Regjeringa fører ein politikk som let dei rikaste få stadig meir, medan resten blir hengande etter. Auka forskjellar går ut over fellesskapet, og rammar oss alle.**

Når fellesskapets pengar går til skattekutt til dei rikaste, blir det mindre til betre skule, sjukehus og eldreomsorg. Når regjeringa svekker arbeidsmiljølova, blir arbeidslivet meir utrygt, og bemanningsbyrå og velferdsprofitørar kan tene seg rike.

Når den økonomiske eliten sit att med meir makt og rikdom, forvitrar tilliten og samhaldet. Vi får eit meir polarisert samfunn, som blir truga av mistenkjeleggjing og framandfrykt.



Medan mange gjer sitt for å få ned utsleppa, tek ikkje regjeringa klimakrisa på alvor. Oljeselskapa får halde fram å bore etter olje, og gruveselskapa får skumme fløyten ved å dumpe giftig avfall i reine fjordar.

Regjeringa sin politikk fører til sterk sentralisering og utarming av distrikta. Store kommunar, regionar og einingar fører til nedlegging av funksjonar som distrikta treng for å oppretthalde velferdstilbod, arbeidsplassar, næringsliv og busetnad. SV ynskjer ein økonomisk politikk som styrkar kommunar og næringsliv også utanfor dei store byane. SV vil vera ei motvekt mot EU-tilpassing (som ACER) og dei mange sentraliseringsreformene som trugar både distrikta og velferdsstaten.

SV vil ha ein annan politikk. Vi kan skape eit samfunn som tek vare på sterke fellesskap og små forskjellar. Eit samfunn som handlar, ikkje berre pratar, i møte med klimakrisa. Eit samfunn for vanlege folk, der dei rikaste bidreg meir. Eit samfunn der alle kan lykkast, og ingen blir gjevne opp.



# Klima og miljø

Verda står overfor ei klimakrise. Skal vi unngå farlege konsekvensar av klimaendringar som ekstremver, tørke, ras og flaum, må vi kutte utslepp. Kommunen har ei viktig og forpliktande rolle i dette arbeidet.

Vågå SV går til valg for eit miljø- og klimavenleg lokalsamfunn. I det legg vi at sjølv om klimakrisa er stor, kan og må ho løysast bit for bit, med store og små tiltak. Saman skal vi ta vare på naturen og miljøet. Vi må ta ansvar for komande generasjonar ved å ta kampen for klima og miljø i alle saker. Vi vil ha gode bumiljø, legge betre til rette for bruk av sykkel og kollektiv transport, og gjera det enklare å lade el-bilar.

Vi må snu trenden der naturmangfaldet på jorda er i sterk nedgang, fordi det må vike for våre behov og vår aktivitet.



” Vi vil ha konkrete tiltak for å redusere klima-utslepp i kommunen



” Om klimakrisa er stor, så kan ho løysast bit for bit.

## Vågå SV vil

- ha ein ny kommunedelplan for klima og energi, der ein reduksjon av klimagassutslepp i kommunen er konkret og har konkrete tiltak for å nå målet.
- ha strenge miljøkrav i byggeprosjekt, og ved innkjøp av varer og tenester.
- arbeide for å styrke busstilbodet, slik at det korresponderer med tog.
- ha konkrete tiltak som reduserer bruk av plast, og betre ordningar for kjeldesortering i alle kommunale institusjonar, skular og barnehagar.
- arbeide for å få eit kommunalt eller regionalt komposteringsanlegg for organisk avfall.
- at Vågå kommune skal erklære klimakrise.
- stimulere innbyggjarane til å bli bevisste forbrukarar i høve klima.
- støtte utvidinga av Jotunheimen nasjonalpark.
- vera restriktiv med å gje løyve til motorisert ferdsel i utmark og vassdrag.
- arbeide for utviding av jernbanetilbodet gjennom Gudbrandsdalen, og gå imot flyplass på Tolstadåsen.
- gå imot regulering av nye hytteområde.

# Landbruk i endring

Landbruksproduksjonen i verda er i rask endring grunna befolkningsvekst og klimaendringar. Derfor er det ekstra viktig at alle areal som blir brukte til matproduksjon blir tekne vare på og ikkje gror att.

Den noverande landbrukspolitikken fører til stordrift og dårleg utnytting av norsk dyrefor og utmarksbeite. Den er også klima-fiendtleg.

SV vil ha auka sjølvforsyningsgrad. Matproduksjon er ei viktig samfunnsoppgåve. Maten må bli produsert på ein måte som sikrar langsiktig og berekraftig bruk av jorda.

## Vågå SV vil

- utvikle eit meir klimavenleg landbruk, i lag med gardbrukarar og faglag i distriktet.
- praktisere konsesjonslova strengt.
- handheve jordlova med god velferd for dyrkingsjorda og levande organismar.
- ha klimavenleg forvaltning av ressursane i skogen.
- gå imot nedbygging av matjord.
- bidra til å lyfte fram matproduksjon og jordvelferd på naturen og klimaet sine premisser.
- bidra til å syne fram betydinga landbruket har for mattryggleik, naturmangfald og kulturlandskap i kommunen.
- oppretthalde ei god rettleiingsteneste.



Alle areal som blir brukte til matproduksjon må bli tekne vare på!



# Mestring og inkludering

Helse-, velferds- og omsorgstenestene skal vera individuelt tilpassa og lett tilgjengelege. Det er særleg viktig å sikre desentraliserte tilbod og oppsøkjande tenester i kommunar med store avstandar og spreidd busetnad.

Ein trygg barnehage- og skulekvardag er sjølve fundamentet for mestring og god læring. Alle elevar må få moglegheit til å mestre skulen, uavhengig av økonomi, etnisitet og religion. Det som skal til er tilstrekkeleg bemanning, fleire yrkesgrupper inn i skulen, tidleg innsats, og ein praktisk og variert skuledag. Ein god barnehage og skule ser læring, mestring og danning av heile mennesket under eitt.

Vågå kommune må ha mot og vilje til å prioritere. Førebygging løner seg! Vågå SV vil bevisstgjera og ansvarleggjera kommunestyret i rolla som aktiv barnehage- og skuleeigar.

Kunst og kultur betyr mykje for utvikling av sosiale fellesskap, inkludering, debatt og kunnskap. Eit levande lokalsamfunn treng mangfaldig og inkluderande kulturliv, samt gode møteplassar. Alle som vil, skal ha moglegheit til å uttrykke seg gjennom det frivillige kulturlivet, og alle skal ha tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet.

Frivillig sektor og den enkelte frivillige står for eit viktig supplement til det offentlege tenestetilbodet, og innsatsen frå desse er heilt avgjerande for at eit lokalsamfunn skal kunne eksistere.



## Helse- og velferdstilbod:

### Vågå SV vil

- styrke det helsefremmande og førebyggjande arbeidet i alle aldersgrupper.
- ha eit godt dagtilbod med eit breitt tilbod av aktivitetar til menneske med nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne.
- ha støttetiltak til pårørande til sjuke eldre eller funksjonshemma, gjennom gode dag- og avlastingstilbod, samtalegrupper m.m.
- ta initiativ til samarbeid om sjukeheimplassar i regionen, med tanke på å gje eit breiare tilbod med høgare kompetanse.
- at mottakarar av økonomisk sosialhjelp skal behalde barnetrygda i tillegg til stønaden.
- til kvar tid ha oppdatert plan med målretta tiltak mot barnefattigdom og sikre ferietilbod til barn i grunnskulealder, i samarbeid med ideelle organisasjonar.
- sikre og utvikle det regionale helsesamarbeidet, som er forankra i Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske senter (NGLMS), og samarbeidet med spesialisthelsetenestene.

” Vi vil gjera alle barn rike, på moglegheiter og opplevingar



## Barn og oppvekst:

### Vågå SV vil

- styrke det psykiske helsetilbodet til barn og unge, m.a. ved å styrke skulehelsetenesta. Tenesta skal vera tilgjengeleg i alle skular kvar dag.
- ha ein debatt om heimearbeid og leksehjelpordning i skulen.
- arbeide for at praktisk-estetiske fag får større plass.
- arbeide for at alle ungar skal lykkast i skule og lokalsamfunn. Alle ungar er våre ungar!
- prioritere kulturskulen, slik at alle barn og unge får eit kvalitativt godt tilbod der, gjennom heile skuleløpet.
- aktivt arbeide for at kulturskulen femnar om enda fleire barn.
- arbeide for at regionen skal stå saman om å sikre elevane eit breiast mogleg studietilbod i vidaregåande skule.
- styrke lærlingordninga, både i den kommunale organisasjonen og i andre verksemdar.

## Kultur:

### Vågå SV vil

- arbeide for å sikre innbyggjarane eit breitt kulturtilbod, gjennom satsingar i kommunal regi og via økonomiske tilskot og andre støtte tiltak til lag og organisasjonar.
- prioritere tilskot til lag og organisasjonar, og særleg der aktivitetane er retta inn mot barn og unge, og andre grupper i befolkninga som treng tilrettelagte aktivitetstiltak.
- prioritere satsing på folkebiblioteket, slik at det kan utviklast vidare som arena for kunnskap, debatt og kulturopplevingar for alle.
- sikre drifta av frivilligsentralen som møteplass, og stimulere til utvikling av tilbodet der, i takt med behova i lokalsamfunnet til kvar tid.
- arbeide for å styrke nynorsk i all skriftleg kommunikasjon.

# Styrk demokratiet

---

Det er i lokalsamfunnet at tillit og fellesskap blir bygt. Men tillits-samfunnet vårt er truga av krefter som tener på mistenkeleg-gjering og framandfrykt. SV vil kjempe mot eit debattklima med hets og hatretorikk, og som nærer opp under folk sine fordommar og frykt for det ukjente. Ein open og god debattkultur mellom innbyggjarar og folkevalde er det beste forsvaret mot mistillit og mistenkeleggjering.

## Vågå SV vil

- ta til motmæle mot politisk retorikk som fordømmer eller på andre måtar krenkjer andre menneske.
- gje ungdomsrådet, og Råd for eldre og funksjonshemma tilbod om fast taletid i kommunestyret.
- kompromisslaust forsvare menneskeverdet. Vi vil bidra til å skape eit samfunn der likestilling og fridom gjeld alle.
- styrke lokalsamfunnet si forsvarsevne mot fordommar og rasisme gjennom systematisk, målretta arbeid. SV ønsker eit ope demokrati med folkemøte og rom for innbyggjarinitiativ, der enkeltindivid, råd og organisasjonar blir høyrde.
- Styrke dialogen med innbyggjarane, m.a. gjennom opne temamøte om viktige saker.

**Vågå SV vil styrke demokratiet!**

**” Viktige politiske saker kan ikkje berre bli behandla i politiske parti og i politiske organ!**

# Kommuneøkonomi

---

**Mykje tyder på at kommuneøkonomien berre blir trongare i åra som kjem.** Dersom nedgangen i folketalet held fram, vil overføringane frå staten gå ytterlegare ned. I tillegg underfinansierer staten nye reformer, slik at kommunane må bera ein stor del av kostnadene. Og attpå til reduserer staten det handlingsrommet kommunane har til å skaffe seg inntekter dei fritt kan bruke. SV ynskjer at Vågå skal halde fram som eigen kommune, i tråd med folkerøystinga i 2016, dersom rammevilkåra for å gje innbyggjarane gode nok tenester ligg til rette for det.

Vågå SV vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk som i fyrste rekkje tek omsyn til klima, fellesskap og arbeidsplassar.

## Vågå SV vil

- vurdere nøye alle nye investeringsprosjekt i høve evna kommunen har til å bera lånegjelda.
- ta vare på den bygningsmassen kommunen har, for å redusere driftskostnader og klimautslepp, og for å forlengje levetida til bygningane.
- sikre at kommunen til kvar tid har økonomi og kompetanse til å yte lovpålagte tenester av god kvalitet.
- trygge dei kommunale arbeidsplassane ved å føre ein ansvarleg økonomisk politikk, og seia nei til konkurranseutsetjing og privatisering av tenester som kommunen driftar i dag.

# Næringsliv for framtida

Norge må i løpet av dei neste tiåra vri næring og verdiskaping bort frå det som skapar utslepp og over på det som ikkje forureinar, men bygger på fornybare kjelder.

Sjølv om utfordringa er stor, har vi samtidig alle moglegheiter til å klare det. Norge har store naturressursar, eit rikt hav, store skogar, mykje energi og kompetente arbeidstakarar. Nøkkelen er å omstille Norge frå å vera ein råvareleverandør av rikdomane til havs og til lands, over til å bruke ressursane og kompetansen til å bygge norsk næring og industri.

Vågå og regionen treng tilflyttarar. Det betyr at det må til ei enda sterkare merksemd og satsing på næringslivet. Det er like viktig å sikre og styrke det næringslivet vi har, som å arbeide for at nye bedrifter skal koma til oss

## Vågå SV vil

- styrke dialogen mellom det lokale næringslivet og kommunen.
- legge spesielt til rette for at lokalt næringsliv kan posisjonere seg og delta i konkurransar om kontraktar med kommunen, innanfor lovverket sine rammer.
- ta vare på seriøse arbeidsgjevarar og næringsdrivande ved alltid å stille krav om ryddige konkurransevilkår når kommunen går inn kontraktar.
- legge vekt på klimaomsyn i offentlege innkjøp.
- støtte initiativ til grønt reiseliv og andre, grøne arbeidsplassar. Utvikling av turisme og reiseliv må ikkje føre til øydelagt natur.

# Det nye arbeidslivet

**Eit godt arbeidsliv er eit organisert arbeidsliv.** Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar og ein ryddig oppdragsgjevar. Slik kan kommunen ha orden og godt arbeidsmiljø i eigne rekker, samtidig som kommunen stiller dei same krava til entreprenørar og andre leverandørar av varer og tenester til kommunen. Dermed legg kommunen også eit godt grunnlag for at det lokale næringslivet kan ha gode vilkår til å sikre og skape arbeidsplassar.

## Vågå SV vil

- arbeide for heile og faste stillingar.
- vise tillit og lytte til medarbeidarane, sikre god kompetanse og bemanning.
- verne om rettane dei tilsette har til medverknad i prosessar omkring avgjersler, og til å ytre seg om forhold i arbeidssituasjonen.
- gå imot konkurranseutsetting og privatisering av tenester som kommunen driftar i dag.
- bruke innkjøpsmakta ved kjøp av varer og tenester, samt i byggekontraktar, til å stille krav om ordna arbeidsforhold og konkrete miljøkrav. Slik kan kommunen førebygge sosial dumping, arbeidslivskriminalitet og miljøskadeleg produksjon.





# Svein Holen

## 1. kandidat

Eg vil engasjere meg i kommunepolitikken fordi eg meiner at heile livsgrunnlaget vårt er truga av for mykje merksemd på uviktige enkeltsaker. Vi må ikkje bli styrt av egoisme, mangel på heilheitleg tenking og mangel på tillit. Nå må vi styrke fellesskapet og skape løysingar som tener alle, ikkje berre dei som har store ressursar eller sterke nettverk. Alle må ta sin del av samfunnsansvaret, og folkevalde må vise veg.

Eg brenn for at Vågå kommune skal vera ein god arbeidsgjevar og ein ryddig oppdragsgjevar. Samtidig skal kommunen ha gode tenester. Vilåret for å lykkast i dette er at kommunen har orden på økonomien. Det psykiske helsetilbodet til barn og unge må styrkast.



# Torunn Elise Kveen

## 2. kandidat

Eg vil engasjere meg fordi eg ynskjer å bidra til å stoppe utviklinga mot eit samfunn der ein må rope høgt eller olboge seg fram. Hjelpa skal vera der for alle, aller mest for dei som mest treng den. Vi må prioritere å smøre maskineriet og vera føre var – det er god samfunnsøkonomi at flest mogleg har det bra.

Vi har alle, i alle samfunnslag og til ulike tider i livet, behov for flokken og blomsterpinnen. Eg ynskjer å jobbe for at barn og unge skal ha høgaste prioritet, og særleg vil eg kjempe for at alle skal ha lik tilgang til tenester og tilbod, uavhengig av familieøkonomien eller evne og mot til å olboge seg sjølv og sitt fram. Blomane med mest medfarne stilkar, skal vi stytte opp midt i buketten. Eit slik samfunn vil eg ha.



# Ola Iver Røe

## 3. kandidat



Mitt engasjement i politikk botnar i to kampsakar. Den fyrste, og viktigaste, er klimakrisa. Vi må greie å leve slik at alle andre i verda og kan leve på same måte utan at det øydelegg for komande generasjonar. Den andre er ulikskapen vi ser vekse både innad i vesten, men og mellom vesten og resten av verda. Båe sakene har si rot i eit kapitalistisk økonomisk system som leier til akkumulasjon av pengar og makt, og som føreset evig vekst. For meg er difor diskusjon kring kapitalismen avgjerande.

# Jorid Skogen Vorkinn

## 4. kandidat




Dagens regjering fører etter mi meining ein politikk som tek Norge i feil retning. Forskjellane mellom folk aukar, kommunane får stadig trongare økonomi å handtere, og distrikts-Norge blir sakte men sikkert utmagra. På toppen av dette nektar regjeringa å sjå klimakrisa i augo. I 2018 meldte eg meg derfor inn i SV, nettopp for å vere ei lokal motvekt til denne urettferdige politikken drive sentralt.

# Jakob Sagsletten

## 5. kandidat



Eg har engasjert meg i lokalpolitikken for å kunne vere med å jobbe for saker eg tykkjer er viktige. For meg blir dei viktigaste sakene skulepolitikk og korleis vi kan leggje til rette for at tilhøva til barn og unge blir best moglege. I lokal-laget til Vågå SV finst det mange gode tankar og idear, og veldig mange kloke hovud som kan vere med på å gjere bygda enda betre.





## Nominasjonsliste for Vågå SV 2019

1. Svein Holen
2. Torunn Elise Kveen
3. Ola Iver Røe
4. Jorid Skogen Vorkinn
5. Jakob Sagsletten
6. Ane Botteri
7. Terje Kleiven
8. Bjørg Schultz
9. Øyvind Seppola
10. Ingrid Vorkinn
11. Anders Nordnes
12. Thea Grobstok Dalen
13. Svein Vole
14. Ane Holen Lorentzen
15. Leif Morten Syversen
16. Kari Fortun
17. Kalle Waaktaar
18. Åse Kari Kobbersletten
19. Per Stabell
20. Eli Mangseth
21. Gunnar Frydenlund
22. Lisbeth Øygarden

På nettsida vår finn du fullstendig valprogram, presentasjon av toppkandidaten og meir informasjon om oss: [sv.no/innlandet/vaga](http://sv.no/innlandet/vaga)



Meld deg inn i SV!  
Send SMS med  
INNMELDING <e-posten din>  
<namnet ditt><adressa di>  
til 2090 (100 kroner)

Vågå SV  
[vagasv.org](http://vagasv.org)  
[facebook.com/VaagaaSV](https://facebook.com/VaagaaSV)